

Skamfaren av bjørn – hjelpt av tannlege

Av tannlege Vagleik Frigstad

Då Daniel Folkeson Oddeskar frå Valle blei ille skamfaren av ein bjørn i 1860, fekk han god hjelp av tannlegen Halvor Georg Theodor Moe i Arendal, som laga ei ansiktsmaske til han.

Denne hendinga har også vore omtala i avisene opp gjennom åra, men den som har samla mest stoff om hendinga, og ikkje minst om tannlegen G. Moe, er Kai Hundstadbråten, tannlege med sterke historiske interesser. Han skreiv ein utførleg artikkel om denne tannlegen som slo seg ned i Arendal.

Våren 1860 blei ein husmann på Oddeskar, som lå på vestsida av Otra, vest for garden Bjørnarå, overfallen av ein bjørn. Denne hendinga har levt på folkemunne i Setesdal heilt opp i våre dagar. Det finst fleire versjonar av hendinga, her skal eg bare ta med eit par av dei. Dette skreiv såleis Torgeir Bjørnaraa i 1916:

«Det var paa Oddeskar, ein husmannsplass ein stubb nordanfor Bjørnaraa dette hende. Det var tidleg paa vaa- ren og snaudt med beite. Men den vesle buskapen gjekk ute for aa gnaga den vesle grasstubben der var aa finna. Groen var daa betre enn det halvrotne skoghøyet fraa aaret fyre, og tubb og skav.

Det tok til aa kvelda. Dei tvo kyrne hadde kome inn paa tunet, og kona kom nett med ringja og skulde til aa mjølka daa det kom farande ein stor bjørn framum fjøs-novet. Tufsut og raggut var han og saag ut til ikkje aa ha funne mykje mat etter at han kom or hiet. Truleg var han mest halvgalen av svolt, og difor sette han beint paa den største kui.

Kona gav seg til aa ill-huva og remja, og mannen som var inne, kom springande ut. Daa han saag kva som stod paa, vart han so ille ved at han snaudt sansa seg. Aa missa ei ku var ein mest uboteleg skade for ein fatig husmann. Byrsa hadde han ikkje. Øks eller andre kvasse verjor var det ikkje tid til aa finna. Og so greip han ein trelurk, flaug like paa bjørnen og slo han av all magt like i skallen.

Men bjørnen stupa nok ikkje for fyrste slaget. Og ikkje rømde han heller. Han slepte berre kyri og flaug paa mannen, slo han under seg og beit med eit glefs av han nasa og lipporne og mes-teparten av kjøtet paa den eine kjaken. Og so laag han paa han og bura og belja og slo, stundom med høg- re, stundom med venstre labben, so grastorvi fauk. Men korleis det no kunde ha seg, han slo ikkje mannen- berre klemde og knufla og smaabeit han att.

Kona stakkar, gjekk mest fraa vitet av ræds- la. Ho naudhuva etter hjelp. Men det var ingen som hørde henne. Likevel tyktest bjørnen verta redd av det. For han reis upp, grylte og gliste og skjeglde ikring seg, og sette so med eitt av stad i lange byks upp mot skogen.

Trass i den fæle skaden mannen hadde fenge, kom han seg att. Og dok- teren lappa og bømte det skamfarne andlitet so godt det var raad. Men han måtte ganga med maska jamt naar han skulde ut millom folk. Aa sjaa han berr var eit fælt syn- med dei kjøt- lause naseholorne og den grinande tanngarden. Og daa han paa sine gamle dagar for kringum og tagg, brukte kjerringane aa truge dei uly- dige ungarna sine med at dei skulde faa Daniel Oddeskar til aa take av seg

maska. For han var daa endaa fælare enn feieren i «by'n».

Det ser ut til at Daniel ei god tid etter denne hendinga har kome til Kristian- sand for å få hjelp med sitt vansira ansikt. Det blei også sett i gang innsam- lingsaksjon for Daniel både i Kristiansand og Arendal. Det var stiftsprost Lassen i Kristiansand som stilte seg i brodden for dette. Han skreiv eit opprop som blei tatt inn i Vestlandske Tidende, Arendal den 15. juli 1862. Vi skal ta med litt av det prosten skreiv:

«Daniel Folkesen, fattig Huusmand fra Valle i Sætersdalen, blev for omtrent 2 Aar siden, for at redde sin eneste Ko, saaledes tilredet af Bjørnen, at der var kun lidet Haab om hans Liv. Efter i Hjemmet at have ligget under Lægebehandling i en 8 Uger, fik han sin Helbred saavidt tilbage, at han kunde gaae omkring og udrette sine nødven- digste Gjæringer, men hans Udseende var til Skræk for Alle, hvorfor han stedse maatte skjule sit Ansigt- eller rettere hva der er tilbage af dette – med et overhængt Klæde. Da han led meget ved Luftens Indvirkning paa de indre Dele af hans Hoved, der var blottede, og maaske endnu mere ved den Rædsel, han vakte, kom han i vinter her til Christianssand for at søge mulig Hjelp.... Han blev indlagt pa Byens Sygehuus, kom under velvillig Behand- ling af de dueligste Læger, men al Lægekonst og al Omhygelighed og Pleie har ikke været i stand til at give ham et menneskelig Udseende.»

Tannlege Georg Moe i Arendal har så blitt tilkalla for å prøve å hjelpe Daniel. Vidare skriv prosten at tannlege Moe utan vederlag har laga ei ansiktsmaske «...der baade beskytter mod Luftens

Indvirkning og gjør det mulig for ham at omgaaes sine Medmennesker uden at vække deres Rædsel.»

På Aust-Agder-arkivet i Arendal ligg den rapporten som Moe skreiv om både Daniels' møte med bjørnen og sitt arbeid med ansiktsmaska. Eg referer frå den rapporten med Moes egne ord som Kai Hunstadbråten tok inn i sin artikkel i Odontologisk Tidsskrift i 1967. Som vi vil se, er det litt ulik skildring av Daniels møte med bjørnen, og det er vanskeleg å seie kven som er mest korrekt. Men sidan tannlege Moes skildring er skriven kort tid etter hendinga, medan Bjørnaraa har skrive dette omkring 45 år etterpå, ligg det nær å tru at Moes skildring er den mest korrekte.

«Husmand Daniel Folkesøn Odde-skar af Sætersdal, Christiansands Stift, Norge, vogtede 1 Miil fra sin Hytte paa vilde Fjeldet sin eneste Ko, da seer han Bjørnen komme luskende frem af Skovkanten mod hans Dyr. Bekjendt med at Bjørnen ofte lader sig skræmme bort naar man med Skrig og Støi gaaer den imøde, forsøgte Daniel dette Middel. Bjørnen var imidlertid – hungrig – og lod sig ikke skræmme, reiste sig på Bagbenene og gikk mod Manden. Den gamle Mand vil nu fly, vender sig og løber, men indhentes af Bjørnen, som med et Slag af sin Forlab træffer Daniel i Baghoved og Skulder, afriver Haar og Kjød og kaster ham næsegrus til Jorden. En Stund laa Daniel saaledes uden at røre sig, men da han Intet høre til Dyret, troer han dette borte og i Færd med Koen – vender sig om paa Ryggen og ligger Ansigt til Ansigt med sin vrede Modstander som staaer over ham. Bjørnen, som nu har mærket at at Manden er levende, bøier sig ned, aabner Gabet og afbider i et Klafs, Daniel Næse og Overlæbe, skamferer det ene Øie, Tandkjødet og endeel Tænder. Bevistheden forlod Manden, – hvo lenge han laae saaledes kan han ikke opgive. Omsider vaagner han lemlæstet og blødende. Bjørnen er borte. Koen urørt! Han kryber da den lange Miil hjem til sin fattige Hytte, paa Hænder og Fødder. Lægen hentes langveis fra, Daniel



Daniel Folkesøn Odde-skar uten maske.
Foto: Aust-Agderarkivet.

pleies og sendes da til Christiansands Sygehuus. Didhen blev jeg kaldet at forsøge hjælpe ham til et nogenlunde Udseende, som jeg omsider fuldendte til Tilfredshed. Attest fra hans Præst, læn-gere Tid efter bevidner dette. Medføl-gende Fotografier fremstiller Daniel før og efter Behandlingen, og Apparatet er en Copie af hans. Da deslige Tilfælde er sjældne i vor praxis her i Landet, har jeg tilladt mig innsende Apparatet, som et Vink at bedømme vort Fags Stilling her i Norge. Det tillades bemærket at mitt Hjemsted er en mindre By- ca. 6000 Indb., hvor jeg udelukkende er henvist til egne hjælpemidler.»

Vi ser her at Moe skriv at han «...har tilladt seg å innsende Apparatet...». Men kvar skulle han så sende dette «apparatet»? Jau, i 1873 var det ei verdsutstilling i Wien, og dit var det han sende ein kopi av ansiktsmaska. Han hadde også som vi ser tatt bilder av Daniel med og uten maske. Bildet av Daniel med maske er bortkomen, men originalbildet av Daniel uten ansiktsprotesen ligg på Aust-Agder-arkivet. Men frå andre kjelder veit vi at protesen hadde «.. en konstig Næse med Overlæbe og Skjæg...» Men det er grunn til å tru at protesen var for størstedelen

laga av vulkanisert kautsjuk. I «Norsk Magazin for Lægevidenskapen» 1861 har Moe ein artikkel om «Vulcaniseret Kautschuk». Det går fram av artikkelen at han har skaffa seg eit apparat for vulkanisering, og han gir ei detaljert framstilling av framgangsmåten ved framstilling av plateproteser i kautsjuk.

At denne protesen verkeleg har vore med på verdsutstillinga i Wien 1873, går fram av «Norwegischer Special-Katalog der Weltausstellung 1873 in Wien». Der finn ein som nr. 154 (s. 43): «Moe, G. Zahnartz, Arendal. Theile eines Künstlichen Gesichts (zusammengesetzt)», under gruppa «Wissenschaftliche Instrumente».

Det er litt uvisse med fødselsdagen til Daniel Folkesøn Odde-skar. Men kyrkje-boka for Valle viser at han blei døypt den 21. oktober 1804, og han døydde 2. november 1877. Han var såleis 56 år då ulykka med bjørnen hende og levde til han blei 73 år.

Kjelder

Hunstadbråten, Kai. Halvor Georg Theodor Moe 1826–77 – en pioner i norsk odontologi. Odontologisk Tidsskrift 1967; 75: 341–75.
Sørlandske tidende nr. 11, den 14. januar 1972.
Sørlandske tidende. Spesialavis, våren 1975.

Artikkelen er tidligere trykket i VATF-nytt.



Sommerquiz

Akademikernes sommerquiz har flotte premier, og du finner den på www.aka-demikerne.no.